

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 14.10.2019
SAKSHANDSAMAR: Lena Forgaard
SAKA GJELD: **Prosess for styringsdokument 2020 til helseføretaka og Helse Vest IKT**

ARKIVSAK: 2019/8151
STYRESAK: 112/19

STYREMØTE: 07.10.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret gir sin tilslutning til prosess for arbeid med styringsdokumenta for 2020 som er skissert i saka.

Oppsummering

Helse Vest utarbeidar årleg styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS. I denne saka blir det fremja forslag for prosess for utarbeiding av styringsdokumenta som skal sikre at styret kan ha ein aktiv rolle med tanke på innhald og fokusområde.

Administrerande direktør tar sikte på å fremme ein ny sak til styremøtet i desember med skisse til styringsdokument.

Fakta

Helse Vest utarbeidar årleg styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Styringsdokumenta inneheld ein heilskapleg og samla styringsbodskap og klargjer premiss og rammer som gjeld for verksemda, samt mål og resultatkrav frå eigar.

Utgangspunktet for styringsdokumenta er det årlege oppdragsdokumentet som Helse Vest RHF mottok frå Helse- og omsorgsdepartementet i januar, samt andre krav som blir stilt i føretaksmøtet. I tillegg vil Helse Vest i styringsdokumenta kunne legge inn eigne styringskrav som anten kjem i tillegg til dei krava som er gitt frå departementet, eller utdjupear desse.

Kommentarar

I forkant av at administrasjonen legg fram sitt forslag til styringsdokument blir det gjennomført ein stram prosess frå føretaksmøtet 14. januar til skrivefrist 21. februar, for styremøtet 11. mars. Oppgåver i denne perioden er mellom anna å operasjonalisere krava frå Helse- og omsorgsdepartementet, fordele ansvar for oppfølging, ta stilling til kva krav som skal vidareførast til våre eigne helseføretak og til dei fellesegde helseføretaka, drøftingar i leiarmøte, gjennomgang med tillitsvalde og vernetenesta og med det regionale brukarutvalet.

Tal styringskrav som kjem frå Helse- og omsorgsdepartementet er høgt, og har dei siste åra vore aukande. Det har derfor vore eit poeng å vere restriktiv med tal styringskrav som Helse Vest utarbeidar sjølve, og som kjem i tillegg til dei krava som allereie er formulert frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Likefullt blir det kvart år utforma ein ikkje ubetydeleg mengde eigne styringskrav til dømes knytt til område der regionen/helseføretak har særskilde utfordringar, eller som oppfølging av sentrale styresaker, prosjekt, plan- og strategiarbeid. Arbeidet med utforming av desse krava går parallelt med arbeidet med styringsdokumenta elles.

For å leggje til rette for ein god involvering av styret i arbeidet med styringsdokumentet tar administrerande direktør sikte på å fremme ein sak til styremøte i desember, med skisse til styringsdokument. Saka vil kunne ta utgangspunkt i styringsdokumenta for inneverande år og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. I saka vil aktuelle tema som administrasjonen tilrår blir tatt inn i styringsdokumenta bli omtala, og styret vil få moglegheit til gi innspel og kommentarar til desse tema og til tema som styret i tillegg ønskjer å løfte fram.

Ein prosess med førebuing av eigne styringskrav på dette tidspunktet av året vil også gi rom for styrka involvering av tillitsvalde og vernetenesta, og det regionale brukarutvalet.

Prosess

Dette gir følgande prosess for involvering av styret i arbeidet med styringsdokumenta:

